



Fem spreke uskedalsløparar med velfortente pokalar. Bak ser vi veteranane Pål Haugland (t.v.)og Kurt Haugland. Framme dei lovande ungentene Katrine Y. Røssland(t.v.), Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland. (Foto: Silje Bråtun.)

Torsdag kveld var ein flott flokk skisløparar samla på Malmanger skule. Hovudposten på programmet var premiering etter skikarusellen førre sesong, og blant dei mange som vart tildelt pokalar var og aktive uskedelingar.



Pokalvinnarane samla "på eitt Brett".(Foto: Silje Bråtun)

Etter pokalutdelinga var det sosialt samvær med saft, kaffi og kaker. Dessutan var det ramma for god skiprat. Skigjengen er no klar for ein ny sesong i løypene, og opningsrennet er terminfesta til 20.januar. Då er Matre il. Tilskipar for rennet som går i klassisk stil. Deretter kjem renna som perler på ei snor utover i sesongen.